

Medlemene vert med dette kalla inn til møte.

Varamedlemer får innkallinga, møter berre etter særskild innkalling.

Vert du av lovlege grunnar hindra i å møte, må du melde frå til Anne Liv Lidtveit på tlf. 99 38 66 30 eller e-post post@konesjonskraft.no

Valle, 19.08.2015

*Innkalling til møte i KIKS - Styret
21.08.2015 kl. 14:00 i Kristiansand*

Til handsaming:

Saksnr	Innhold
PS 58/15	Godkjenning av møteprotokoll
PS 59/15	Høyringsfråsegn - Sira-Kvina
PS 60/15	Risikostrategi - presisering av vedtatt risikostrategi

Gro Anita Mykjåland
styreleiar

Arne Tronsen
dagleg leiar

Saksnr	Innhold
PS 58/15	Godkjenning av møteprotokoll
PS 59/15	Høringsfråsegn - Sira-Kvina
PS 60/15	Risikostrategi - presisering av vedtatt risikostrategi

PS 58/15 Godkjenning av møteprotokoll

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
59/15	KIKS - Styret	21.08.2015

Høyringsfråsegn - Sira-Kvina

Dagleg leiars tilrår:

Administrasjonen får fullmakt til å utferdige ei høyringsfråsegn til Olje- og Energidepartementet med fylgjande hovudmoment:

- Kraftgrunnlaget er korrekt i tilrådinga av 2015
- NVE sitt vedtak om fordeling av konsesjonskraft i 1998 og 2003 er ikkje gyldige, når det gjeld fordeling av fallandelar i Tonstad og Åna-Sira kraftverk. Fordeling av fallandelar til fordel for Kvinesdal kommune må fylgje OED sitt vedtak av 1987
- Verknadstidspunktet for konsesjonskraftvedtaket i OED bør vere framover i tid, utan tilbakeverkande kraft og utan etteroppgjær.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Sira-Kvina-utbygginga gir i dag totalt 480 GWh til Konsesjonskraft IKS, levert etter vedtaket av 1998. Dersom OED stadfester tilrådinga frå NVE blir leveransane 475 GWh. Sira-Kvina kraftselskap er den konsesjonæren som Konsesjonskraft IKS på vegne av deltakarkommunane tek imot mest konsesjonskraft frå.

NVE fatta i 2003 vedtak om fastsetting av kraftgrunnlag, deling av konsesjonsavgifter og fordeling av konsesjonskraft. Vedtaket blei klaga på, og fyrst i mai 2015 kom NVE med si tilråding til OED.

Konsesjonskraft IKS skal nå på vegne av alle deltakarane gi ei høyringsfråsegn i saka. Kommunane står sjølvstøtt fritt til å gi sine eigne høyringsfråsegner i tillegg. Høyringsfråsegna frå KIKS blir derfor å rekne som ei generell fråsegn, som fokuserer på det prinsipielle for selskapet som heilskap. Sentralt vil vere formålet til selskapet, slik det kjem fram av selskapsavtalen § 3, om å trygge konsesjonskraftordninga som ein kommunal/fylkeskommunal rett, trygge verdien i konsesjonskraftordninga, og sikre deltakarane påreknelege og gode inntekter.

Vedtaket er som nemnt tredelt. I og med at Konesjonskraft IKS ikkje tek hand om konsesjonsavgiftene, men berre konsesjonskrafta for deltakarkommunane, er synspunkt rundt deling av konsesjonsavgifter noko kommunane eventuelt må handtere på eiga hand.

2. Saksopplysningar

For Konesjonskraft IKS sin del omhandlar høyringsfråsegna tre punkt; fastsetting av kraftgrunnlag, fordeling av konsesjonskraft og verknadstidspunktet for konsesjonskraftvedtaket. I det fylgjande blir kvart av desse tre punkta behandla for seg.

Kva meiner vi om kraftgrunnlag

NVE fastsette i 2003 eit nytt og endeleg kraftgrunnlag knytt til Duge pumpekraftverk og kraftverka nedstraums. Pumpevolumet var midlertidig fastsett i 1992 til 250 mill. m³. I 2003-vedtaket blei pumpevolumet fastsett til 220 mill. m³ basert på redusert pumpevolum.

I tillegg til pumpevolumet berekna NVE kraftgrunnlaget på bakgrunn av nye tilsigsdata og etter nye, standardiserte berekningsprinsipp frå 2001. Det er etter vår meining viktig for kommunane å ha høve til å etterprøve data gjennom bruk av offentlege tilsigsdata. Sira-Kvina kraftselskap har i sine årsmeldingar gitt uttrykk for at dei er ueinige i måten kraftgrunnlaget blir berekna. Den måten NVE legg opp til her, er derimot i samsvar med OED sitt vedtak i Ulla-Førre-saka når det gjeld bruk av offentleg tilgjengelege data ved berekning av kraftgrunnlag. Det er derfor naturleg å støtte NVE si tilråding også på dette punktet.

I samband med berekninga av kraftgrunnlaget i 2003 blei pumpevolumet i Duge feilaktig tatt med to gonger ved fastsetting av tilsiget for kraftverka nedstraums Duge, det vil seie Tjørhom, Tonstad og Åna-Sira. Denne feilen er retta i tilrådinga frå 2015, noko vi meiner er korrekt.

Det var gjort endå ein feil i fordelinga av fallandelar i Svartevatn. Denne fordelinga er endra i NVE si tilråding, og hydrologiske berekningar gjort av Einar Østvold viser at endringa er korrekt.

Etter dette meiner KIKS at dei feilrettingane som er gjort, samanhalde med berekning av kraftgrunnlag etter standardiserte prinsipp er korrekt i tilrådinga frå mai 2015. KIKS støttar derfor tilrådinga frå NVE når det gjeld fastsetting av endeleg kraftgrunnlag.

Kva meiner vi om fordeling av konsesjonskraft

I premissa til konsesjonen av 1963 heiter det at «[n]åværende og kommende industri i Kvinesdal skal ikkje bli dårligere stilt med hensyn til kraftforsyning og kraftoverføring enn om Kvina var blitt utbygd separat», jf. Meddelte vassdragskonsesjoner 1963 side 96. Kvinesdal skal etter dette sikrast krafttilgang til industri, men det fylgjer ingen stad korleis krafttilgongen skal sikrast.

Fordeling av konsesjonskrafta blei fyrste gong gjort i 1971. Denne fordelinga knytte seg til 1. byggetrinn.

I 1985 fatta NVE vedtak om fastsetting og fordeling av konsesjonskraft frå dei andre byggetrinna. Vedtaket blei klaga på, og stadfesta av OED med mindre endringar i 1987. Vedtaket er fatta utan atterhald om etterfylgjande justeringar som fylgje av eventuelle endringar i kraftgrunnlaget. I konsesjonskraftvedtaket blir fallandelane for Tonstad og Åna-Sira kraftverk fordelt med halvparten til Kvinesdal og halvparten til høvesvis Sirdal og Sokndal, Flekkefjord og Lund kommunar, ei såkalla skjønsmessig fordeling av fallandelane.

I 1998 valde NVE å fastsette ei ny berekning og fordelinga av konsesjonskrafta, «[p]å grunn av feil/endinger i beregningsgrunnlag, bl.a. endinger i fallhøyder, magasinvolum og kommunegrenser(...)», jf. VK-notat 5/98. I dette vedtaket blei det totale konsesjonskraftvolumet redusert samanlikna med 1987-vedtaket.

Endinga gjeld berre vedtak om fastsetting og fordeling av konsesjonskraft etter 1987-vedtaket, slik at fordelt konsesjonskraft etter 1971-vedtaket er å sjå på som endeleg og står fast uavhengig av omgjeringa i 1998. At vedtaket av 1971 er å rekne som endeleg medfører at sjølv om nye berekningar seinare tilseier at Lund og Flekkefjord kommunar skulle hatt mindre konsesjonskraftvolum, blir volumet som kjem fram av 1971-vedtaket ståande også i vedtaket i 1998, til kostnad for dei andre kommunane.

I utgangspunktet meiner vi at NVE i dette tilfellet har høve til å endre konsesjonskraftvedtaket i 1998, men omgjeringa kan ikkje gå lenger enn det som er nødvendig for å rette opp feil/endre dei forhold som grunngir omgjeringa.

I tillegg til endingar som fylgje av «feil/endinger i beregningsgrunnlag», endrar NVE også fordelinga av fallandelar mellom Kvinesdal og Sirdal i Tonstad, og mellom Kvinesdal og Sokndal, Flekkefjord og Lund i Åna-Sira. NVE går vekk frå ei jamn 50/50 fordeling og innfører ei delvis matematisk fordeling av fallandelane. Dette medfører at fordelingane av fallandelane blir noko endra samanlikna med 1987-vedtaket til fordel for Kvinesdal. Sirdal klaga på dette vedtaket, og kravde av fallandelane skulle fordelast som i 1987. Klaga blei ikkje oversendt OED for endeleg avgjerd, men blei tatt inn i NVE si behandling av sak om fastsetting av endeleg kraftgrunnlag, deling av konsesjonsavgifter og fordeling av konsesjonskraft i 2003.

I vedtak av 2003 går NVE heilt vekk frå den skjønsmessige fordelinga. Dette var varsla i KTV-notat 30/2002, der det blir føreslått at «fordelingen gjøres i samsvar med gjeldende praksis. Det vil si at det ikkje foretas noen skjønsmessig fordeling av fallandelar til fordel for Kvinesdal kommune ved de etterfølgende beregninger». Med bakgrunn i dei nye fordelingsprinsippa som blei innført i 2001, gjekk altså NVE i 2003 heilt vekk frå den skjønsmessige fordelinga som blei vedtatt i 1987, med grunnlag i føresetnadene gjeve i konsesjonen frå 1963.

NVE vidarefører praksisen frå 2003 til grunn også i tilrådinga frå mai 2015, slik at det ikkje blir gjort noko 50/50 fordeling av fallandelane frå Tonstad og Åna-Sira.

Konsesjonskraft IKS meiner NVE ikkje har kompetanse til å endre den skjønsmessige fordelinga av fallandelar som blei fastsett i 1987-vedtaket. Fordelinga er som sagt klaga på av Sirdal kommune i 1998, men NVE hadde berre kompetanse til å endre vedtaket til gunst for klagar, jf. fvl § 33 andre ledd – ikkje fråvike den skjønsmessige fordelinga heilt, slik som er tilfellet i 2003. Etter det som her er sagt, meiner Konsesjonskraft IKS at fordelingsvedtaka som går vekk frå den skjønsmessige fordelinga er ugyldige når det gjeld fordelinga av fallandelar i Tonstad og Åna-Sira. Det betyr at vedtaket av 1987 er det sist gyldige vedtaket når det gjeld fordeling av konsesjonskraft på dette punkt.

Kva meiner vi om verknadstidspunkt

Det siste avgjerande for høyringsfråsegna til OED som KIKS skal avseie, er kva verknadstidspunkt det nye vedtaket om fordeling av konsesjonskraft skal få, og om det eventuelt skal vere eit etteroppgjjer. Verknadstidspunkt for dei andre delane av vedtaket tek vi ikkje stilling til.

Utgangspunktet kan vere forvaltningsrettslege prinsipp, der eit vedtak gjeld fram til eit nytt vedtak sjølv om det er klaga på. Dette betyr at 1998-vedtaket skulle gjelde fram til 2003-vedtaket, som igjen skulle verke fram til OED nå fattar avgjerd i føreliggande sak. Dersom ein tek eit slikt utgangspunkt vil det vere nødvendig med eit etteroppgjer fyrst for perioden 1998-2003, og deretter for perioden for 2003 til vedtaksdato. 2003-vedtaket har ikkje vore sett i verk av partane.

I Ulla-Førre-saka, avgjort i Borgarting lagmannsrett, var det tale om fastsetting av endeleg kraftgrunnlag. Som følgje av usikkerheit knytt til pumpevolumet i Saurdal blei kraftgrunnlaget fyrst fastsett midlertidig. Det blei fatta nytt vedtak om fastsetting og fordeling av konsesjonskraft samtidig som det blei fastsett endeleg kraftgrunnlag. OED vedtok at konsesjonskraftvedtaket skulle ha tilbakeverkande kraft, noko Borgarting lagmannsrett slutta seg til. Resultatet i Saurdal var altså tilbakeverkande kraft, og ein måtte gjennomføre eit etteroppgjer for for mykje/for lite levert konsesjonskraft. Ein kan hevde at Duge pumpekraftverk og Saurdal kan samanliknast, men det synast vanskeleg då faktum i sakene er ulike.

I Sira-Kvina er konsesjonskraftvedtaket frå 1987 gitt utan atterhald. I 1998-vedtaket (endringsvedtaket) er det tatt atterhald, men berre når det gjeld endringar i kraftgrunnlaget (ikkje om fordeling av konsesjonskrafta). I Saurdal ble det både tatt atterhald om endringar i berekninga og i fordelinga av konsesjonskraft. Etter dette er ikkje Duge og Saurdal heilt samanfalne, og ein kan derfor hevde at ein ikkje må gjennomføre etteroppgjer med bakgrunn i presedens i Ulla-Førre-saka.

Eit ytterlegare argument for å motsette seg eit etteroppgjer er at vedtaket av 2003 inneheld i tillegg fleire feil som gjer det vanskeleg å basere eit etteroppgjer på dette vedtaket. For Konsesjonskraft IKS sin del ville truleg ikkje selskapet arbeidd for at ein skulle levert etter 2003-vedtaket, dersom ein var klar over alle feil, størst av dei fråfall av den skjønsmessige fordelinga av fallandelane. Vi meiner at vedtaket av 2003 inneheld så mange feil at ein må sjå heilt vekk frå det vedtaket, og med det la 1998-vedtaket verke fram til nytt vedtak.

Konsesjonskraft IKS, og tidlegare Konsesjonskraftfondet for Aust-Agder IKS, har alltid hatt som utgangspunkt at vedtak skal gjelde framover. I det ligg at uavhengig av vinst eller tap ved eit eventuelt etteroppgjer, skal dette vere underordna. Det handlar om at kommunane skal kunne innrette seg etter vedtak, slik som kommunane i denne saka har gjort, gjennom at det er blitt levert etter 1998-vedtaket. Kommunane skal sleppe å bekymre seg for at ei ny vurdering eller nye grunnlagsdata skal medføre store uføresette kostnader. Slik bør det også vere i denne saka.

Etter det som her er sagt, meiner Konsesjonskraft IKS at det komande vedtaket i OED berre skal verke framover i tid, og at 1998-vedtaket skal gjelde fram til OED har treft vedtak i saka.

3. Vurdering

Som sagt innleiingsvis er det tre hovudmoment Konsesjonskraft IKS har merknader til. Dei enkelte punkta blir forsøkt summert i det fylgjande.

Når det gjeld kraftgrunnlaget, meiner vi nå at det ikkje er gjort feil i verken grunnlagsdata eller utrekningar, og vi er einige med NVE at det bør brukast offentleg tilgjengelege data for berekning av kraftgrunnlaget. Vi er derfor einige i tilrådinga frå NVE på dette punktet.

Vidare når det gjeld fordeling av konsesjonskraft meiner vi at NVE ikkje har kompetanse til å endre den skjønsmessige fordelinga av fallandelar i Tonstad og Åna-Sira kraftverk til fordel for Kvinesdal. Vedtaket i 1998 inneheld berre delvis skjønsmessig fordeling, og i 2003 har

NVE gått heilt bort frå prinsippet om skjønnsmessig fordeling av fallandelane. 1998-vedtaket og 2003-vedtaket er derfor ugyldige på dette punkt. Vi tilrår derfor å bruke 1987-vedtaket som fordelingsnøkkel for fallandelane i Tonstad og Åna-Sira kraftverk.

Det siste momentet er verknadstidspunkt. Dette er det vanskelegaste spørsmålet å ta stilling til. Det er særleg derfor det prinsipielle er særleg viktig. Ein må halde seg til eit standpunkt ein også kan stå for i saker i framtida – uavhengig av eventuell vinst i eit slikt tilfelle. Konesjonskraft IKS har alltid hatt den haldninga at vedtak skal verke framover, og ein meiner at dette må vere utgangspunktet også i denne saka. NVE tilrår i tilrådinga at vedtaket berre får verknad framover på dette punktet, og Konesjonskraft IKS støttar NVE i det synet. I tillegg meiner Konesjonskraft IKS at 1998-vedtaket skal gjelde fram til OED har treft endeleg vedtak i saka.

Administrasjonen får fullmakt til å utferdige ei høyringsfråsegn i samsvar med vurderinga over.

Valle, den 19.08.2015

Arne Tronsen
dagleg leiar

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
60/15	KIKS - Styret	21.08.2015

Risikostrategi - presisering av vedtatt risikostrategi

Dagleg leiar tilrår:

Vedtaket om ny risikostrategi gjeld for alle porteføljer og sikringsår


Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Spørsmålet ved start av ny risikostrategi vert kva som gjeld: Ny strategi eller vedteken implementeringsstrategi. Dette ynskjer ein ei avklaring på frå styret.

2. Saksopplysningar

Ved implementeringa av Vest-Agder blei det vedtatt ein ganske open implementeringsstrategi, dette av di ein ville ha moglegheiten til å kjapt kome opp mot same sikringsgrad som AA, men samstundes ikkje måtte selje viss marknaden vart låg/illikvid. I perioden fram mot 1.7.2015 (start ny risikostrategi) har administrasjonen sikra år 17 på VA jamt og vore rundt snitt sikringsgrad.



Forskjellen på implementeringsstrategien og ny risikostrategi vert fyst og fremst kor stor bandbredde ein har på sikringsgrad i sikringsperioden. Jamn sikring i ny risikostrategi og snitt sikringsgrad i implementeringsstrategien følgjer kvarandre tett.

3. Vurdering

Den store bandbredda i implementeringsstrategien vart for å gi VA moglegheit til å kome opp på sikringsgraden til AA raskt utan å bli tvungen til å handle på låge prisar eller i illikvide periodar. Pr 01.07.2015 ligg sikringsgraden bra an, og ein vurderer det slik at verdien av at alle porteføljer styrast likt, overstig høve i ei stor bandbredde frå implementeringsstrategien. Det vert ryddig å gå bort i frå implementeringsstrategien og berre halde seg til den nye vedtekne risikostrategien.

Valle, den 19.08.2015

Arne Tronsen
dagleg leiar